



Notat

Dato: 16.02.2016

Arkivsak: 2016/1907-1

Saksbehandlar: Sunniva Schultze-Florey

Til:	Fylkestinget
Frå:	Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål om forvaltninga av friskular

Fylkesrådmannen viser til svar på representanten Terje Kollbotn sitt spørsmål i fylkestinget 8.- 9. desember 2015. Det går fram av møteboka at representanten ønskjer eit meir utfyllande svar på spørsmål 2 og 3.

Frå møteboka:

«**PS 87/15 Referatsaker (meldingar)**

Saksprotokoll i fylkestinget - 08. og 09.12.2015

I samband med RS 23 "Svar på spørsmål vedk. private vidaregåande skular" bad Terje Kollbotn om fullgodt svar på spørsmål 2 og 3 i neste møte.

Vedtak

Med merknaden over vart referatsakene 21-30/15 tekne til orientering.»

Spørsmåla frå representanten Kollbotn lyder:

«2. Eg ber om full oversikt over eigarskap og finansiering av dei ulike private vidaregåande skulane i Hordaland.

3. Eg ber om svar på om noen av dei private vidaregåande skulane i Hordaland har vore granska av Utdanningsdirektoratet for brot på friskulelova, og i tilfelle kva skular og med kva resultat.»

Generelt om forvaltninga av friskular

Friskular er regulert av lov om frittstående skolar (friskulelova), forskrift til friskulelova og forskrift om budsjett, rekneskap, kontroll og revisjon for skular. Denne informasjonen ligg ope tilgjengeleg på lovdata.no, der ein òg finn forarbeida til lova. Oppgåvene i friskuleforvaltninga er delt mellom Utdanningsdirektoratet og Fylkesmannen. Direktoratet har det overordna ansvaret.

Utdanningsdirektoratet sitt ansvar

Utdanningsdirektoratet handsamar søknader om etablering av friskular og driftsendringar ved desse, utbetaler statstilskot og fører tilsyn med skulane. Utdanningsdirektoratet får rapportering om elevtal og årsrekneskap etc. frå friskulane. Spørsmål om enkelttilsyn som er gjennomført ved skular, skal rettast til direktoratet. Utdanningsdirektoratet har ein del informasjon om friskular og forvaltninga av desse på sine sider, som ein finn [her](#). Det ligg ein del tilsynsrapportar ute og oversyn over nye søknader. Søknadsfristen for godkjenning for skuleåret 2017/18 var 1. februar 2016. Tidlegare var denne fristen 1. april. Utdanningsdirektoratet har frist til 1. februar 2017 med å fatte vedtak i saka. Direktoratet brukar publisere eit

oversyn over søknader eit par veker etter fristen er gått ut. Årets oversyn er ikkje kome enda. For yrkesfaglege friskular var det 15. august 2015 ein særskilt søknadsfrist, der Yrkesskolen for Bygg og Anlegg søkte.

Fylkesmannen sitt ansvar

Fylkesmannen skal informere og rettleie friskulane, ålmenta og aktuelle målgrupper om innhald, prinsipp og mål i den nasjonale utdanningspolitikken med eit særskilt søkelys på regelverket. Fylkesmannen skal handsame klager på enkeltvedtak i grunnskulen og i vidaregåande opplæring innan rammene av forvaltningslova og friskulelova og forskrifter til desse. Utdanningsavdelinga ved Fylkesmannen i Hordaland har ein nettstad med noko informasjon om feltet og kontaktinfo som ein finn [her](#).

Hordaland fylkeskommune si rolle

Hordaland fylkeskommune har ikkje forvaltningsansvar for friskulane og skal heller ikkje rettleie dei. Fylkeskommunen si rolle i friskuleforvaltninga er at fylkeskommunen er gjeve høve til å kome med uttale før vedtak om mogleg godkjenning og endring vert fatta. Fylkeskommunen kan klage på vedtak om godkjenning eller endring. Dette går fram av friskulelova § 2-1 første ledd:

«§ 2-1. Godkjenning av skolar

*Departementet kan godkjenne frittstående skolar og driftsendringar ved godkjende frittstående skolar. Departementet kan godkjenne at ein grunnskole flyttar verksemda si til ein annan kommune eller at ein vidaregåande skole flyttar verksemda si til ein annan fylkeskommune. Ein skole skal ikkje få godkjenning dersom etableringa vil medføre negative konsekvensar for det offentlege skoletilbodet, eller andre særlege grunnar tilseier at skolen ikkje bør godkjennast. **Vertskommunen eller vertsfylket skal få høve til å gi fråsegn før departementet gjer vedtak i saka, og dei kan klage på departementet sitt vedtak. Godkjende skolar har rett til statstilskot etter § 6-1 og til å drive verksemd etter lova.» (mi utheving)***

Det er såleis Utdanningsdirektoratet og Fylkesmannen som sit på detaljkunnskapen i desse spørsmåla, ikkje fylkeskommunen.

Svar på spørsmål 2 – Eigarskap og finansiering

Hordaland fylkeskommune sit ikkje på informasjon om kven som eig og korleis dei ulike friskulane i fylket er finansiert. Noko av denne informasjonen kan ein finne i Brønnøysundregistra, hjå Utdanningsdirektoratet, eller skulane sjølve.

Svar på spørsmål 3 - Tilsyn

Utdanningsdirektoratet har med jamne mellomrom tilsyn med friskulane. Fylkesrådmannen tolkar spørsmålet slik at det er tilsyn som er meint. Det ligg nokre tilsynsrapportar ope tilgjengeleg på Utdanningsdirektoratet sine sider om tilsyn, sjå [her](#). Det er ålment kjent at ved nokre av desse tilsyna har Utdanningsdirektoratet kome med merknader.